



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Paal Christopher Breivik, 5557 2024

Vår dato  
26.10.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/13867  
Dykkar referanse

Fylkeskommunane  
Oslo kommune

### Forslag til budsjett 2017, opplæring innanfor kriminalomsorga

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, ber om at fylkeskommunane/Oslo kommune sender budsjettframlegg for opplæring innanfor kriminalomsorga for år 2017. Særleg ber vi om at det blir gjort nærare greie for større utvidingar av eksisterande tilbod, eller for nyetableringar som krev tilleggsressursar ut over tidlegare godkjent ramme.

Vi ber også om at det blir gjort greie for endringar i fengsla/oppfølgingsklassane som gjer at undervisningsverksemda blir endra, redusert eller lagt ned. Fylkesmannen i Hordaland ber fylkeskommunane om å ta leinga i kriminalomsorga med i planlegging og drøfting av undervisningstilboda og ressursane som det blir søkt om. I samband med dette viser vi til Rundskriv G-1/2008 om «Forvaltningsamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorgen».

Når det gjeld prinsippa som er lagt til grunn for fordeling av ressursar viser vi til tilskotsordninga for opplæringa innanfor kriminalomsorga og til tidlegare tildelingsbrev, mellom anna førebels tildelingsbrev dagsett nov/des. 2014. Vi vil be fylkeskommunane/Oslo kommune vere særleg merksame på retten unge og vaksne har til vidaregåande opplæring, til realkompetansevurdering, til fornya grunnskoleopplæring og rett til spesialundervisning. Det samla budsjettframlegget frå fylkeskommunen må vera Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, i hende seinast 10. desember 2015. Innspelte budsjett frå dykk vil Fylkesmannen i Hordaland dra nytta av i vår budsjettdialog med Udir og KD.

Med helsing

Anne Hjermand  
utdanningsdirektør

Paal Christopher Breivik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Kriminalomsorgsdirektoratet	Postboks 694	4305	SANDNES
Utdanningsdirektoratet	Postboks 9359 Grønland	0135	OSLO